

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Alf Magnar Strand	FE - 144, FA - C20	16/844

Saknr	Utval	Type	Dato
085/2017	Kommunestyret	PS	11.12.2017

Endeleg godkjenning av kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet

Vedlegg:

Journalposttittel	Dato
Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet - framlegg til formannskapet	06.12.2017
Masfjorden - innspel til kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fys (L)(67929)	06.12.2017

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Framlegg til kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet vert godkjendtt slik det ligg føre. Merknadene frå Eldrerådet og Råd for menneske med nedsett funksjonsevne vert arbeidde inn i planen.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Formannskapet gjorde i møtet 19.04.2017, sak 39/2017 slikt vedtak:

«I medhald av Plan- og bygningslova §4-1 og §§ 11-14 vert kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet send på høyring. Høyringsperidoen vert sett til 6 veker etter kunngjering».

Høyring

Ved ei forgløyming vart ikkje planen send ut på høyring før i slutten av oktober. Høyringsfristen vart sett til 1. desember. Det har kome innspel frå Hordaland fylkeskommune, Masfjorden eldreråd og Råd for menneske med nedsett funksjonsevne.

Vurdering

Det kom ingen innspel til innhaldet i planen under formannskapet si handsaming. I høyringsrunden i haust har Hordaland fylkeskommune, Masfjorden eldreråd og Råd for menneske med nedsett funksjonsevne kome med merknader. Fylkeskommunen har ingen konkrete endringsframlegg og synest Masfjorden har laga ein god plan, men peikar på at planen bør innehalda eit kortsiktig og langsiktig handlingsprogram.

Rådmannen vil peika på at eit slikt program alt er utarbeidd og blir lagt fram for kommunestyret i

eiga sak. Dei andre innspela frå fylkeskommunen blir tekne til orientering.

Eldrerådet vil ha tilføya eit punkt under 1.6 Tiltak: h) tilrettelagde aktivitetar som er særskilt tilpassa dei eldre.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne vil ha inn eit nytt punkt under 1.6. i) tilrettelagde aktivitetar som er særskilt tilpassa funksjonshemma.

Rådmannen meiner at desse to punkta kan leggest til under pkt. 1.6 i planen.

Utkastet til kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet kan dermed godkjennast slik det ligg føre. Merknadene frå Eldrerådet og Råd for menneske med nedsett funksjonsevne vert arbeidde inn i planen.

Konklusjon

Utkastet til kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet blir godkjent slik det ligg føre. Merknadene frå Eldrerådet og Råd for menneske med nedsett funksjonsevne vert arbeidde inn i planen.

Kommunestyret - 085/2017

KS - behandling:

John Torsvik spurte om han var inhabil i denne saka sidan han er leiar i Idrettsrådet. Det vart samrøystes vedteke at Torsvik var habil.

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS - vedtak:

Framlegg til kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet vert godkjendt slik det ligg føre. Merknadene frå Eldrerådet og Råd for menneske med nedsett funksjonsevne vert arbeidde inn i planen.